



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Torgeir Flo, 55 57 21 46

Vår dato  
17.12.2012  
Dykkar dato  
01.11.2012

Vår referanse  
2011/16412 421.4  
Dykkar referanse  
11/2430

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

### **Lindås kommune – Eidsnes – TREKKING MOTSEGN 2.gangs offentlig ettersyn av reguleringsplan for Eidsnes næringsområde**

Vi viser til brev 01.11.2012 frå Lindås kommune med melding om 2.gangs offentlig ettersyn av framlegg til reguleringsplan for gnr 244/27 m fl - Eidsnes næringsområde.

Fylkesmannen fremma motsegn til reguleringsplanen etter 1. gangs offentlig ettersyn då framlegget kom i strid med strandsonevernet og planen opna for handel med plasskrevjande varer utan at det var utarbeidd retningsliner for slik handel i kommuneplanen.

Det går fram av saksframlegget frå kommunen at i revidert planframlegg er kaiområdet i aust blitt redusert og grøntområdet er utvida slik at dei negative verknadane på kystlandskapet vert mindre.

Vi har vidare merket oss at føresegna når det gjeld handel er endra slik at at det ikkje kan opnast for handel i planområdet før det eventuelt er vedteke i overordna plan eller i retningsliner gjeldande for kommunen. Vi legg til grunn at det med overordna plan og retningsliner meinast kommuneplanen si arealdel.

Fylkesmannen vil på denne bakgrunn trekka motsegna til reguleringsplan for Eidsnes næringsområde.

Med helsing

Berit K Rystad e.f.  
Seksjonsleiar

Torgeir Flo  
Sakshandsamar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*